

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Norway

POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

BESØKSADRESSE:
Gaupnegrandane
6868 GAUPNE

TLF:
+47 24 06 70 00

FAX:
+47 24 06 70 01

INTERNETT:
www.statkraft.no

E-POST:
post@statkraft.com

DYKKAR REF./DATO:
/

VÅR REF.:
201500843-4

STAD/DATO:
Gaupne, 27.03.2019

REVIDERT SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ MANØVRERINGSREGLEMENTET FOR MURAVATN

Viser til vår søknad av 28.01.2019 der vi søker om dispensasjon frå manøvreringsreglementet for Muravatn i Vik kommune. I etterkant av søknaden har det kome vedtak frå NVE i revurderinga av Muravassdammen (NVE ref. 201106442-5). Denne sier fylgjande: «*Det er ikkje gjennomført inspeksjon på vassida under kote 1043. Det må gjennomførast inspeksjon innan neste hovudtilsyn. Rapport skal sendast til NVE innan 31.12.2021.*» Dette er eit krav i tillegg til multistråle ekkolodd skanning som er gjort.

For å minimalisere samfunnskostnaden ved dette pålegget frå NVE er det i år særst gunstig å samordne dette tiltaket med tiltaket som det er omsøkt dispensasjon til (reparasjon av vst.mål). Ein unngår då to nedtappingar med 1 eller 2 års mellomrom, samt at ein snømessig i år har større sjanse for å lukkast med tiltaket enn normalt er. Men, sjølv med tiltak for raskare avsmelting på dammen vil ein inspeksjonen av dam-sida ikkje la seg gjere i det omsøkte tidsintervallet då dammen må tilnærma vere snøfri, samt at det er behov for ein noko fleksibel dispensasjon av omsyn til vêrtilhøva i høg fjellet og tilsig på denne tid av året.

Tilsynet vil ta ein dag og er planlagt mot slutten av april. Då ver- og tilsigstilhøva kan variere veldig treng vi ein tidsmessig fleksibel dispensasjon for å unngå ei langvarig nedtapping. Som omtalt vil den gamle dammen sikre vasstand over LRV i store deler av magasinet. Det er derfor eit kortare tidspunkt vi må gå ned for å få gjennomført begge tiltaka, samt at det berører berre ein mindre del av magasinet. Alternativet til fleksibel dispensasjon er ein betydeleg meir langvarig dispensasjon, noko vi av miljøomsyn ikkje ynskjer. Vi har lite erfaring med tida det tek å kome ned til 995 moh frå LRV, men det er ikkje venta å ta mange dagar på denne avgrensa mengda av magasinet. Det er uansett ikkje tanken å ligge under LRV meir enn høgst nødvendig, og kote 995 vil vi berre vere på nokre dagar. For å vere trygge legg vi derfor til grunn 1 veke nedtapping, 3 dagar jobb, og 1,5 veke oppfylling (normalt godt tilsig på denne tid av året). Truleg vert det betydeleg kortare.

Søker med dette om dispensasjon frå manøvreringsreglementet for reguleringar i Arnafjordvassdraget gitt ved KGL. Res. 27. juni 1969, til å fråvike kravet om LRV for Muravatn, til å kunne gå ned til kote 995 moh over ein perioden på 3 veker. Vertilhøva vil avgjere når det vert utført, men det vil skje i tidsrommet frå 20. april 2019 og fram til 1. juni 2019. Når tiltaket er utført vil alt tilsig gå til å fylle den

nedtappa delen av magasinet tilbake til LRV. Ein vil i denne perioden utføre nødvendig vedlikehald på vst.mål samt utføre pålagt tilsyn på vasside av Muravassdammen.

Denne søknaden erstattar søknaden av 28.01.2019 med vår referanse 201500843-3, men om ikkje denne søknaden vert innvilga ynskjer vi at den opphævelege søknaden står ved lag.

Denne reviderte søknaden vil ikkje gi andre miljømessige ulemper enn det som er vurdert i den originale søknaden, då tidsperioden med nedtapping er relativt uendra. Nedtappinga vil kunne skje på eit noko seinare tidspunkt, men dette er ikkje vurdert å ha nye uheldige miljømessige konsekvensar.

Vi beklagar ulempene denne reviderte søknaden har for saksgongen, men pålegget frå NVE kom den 04.03.2019.

Med venleg helsing
for Statkraft Energi AS

Kåre Hønsi (sign.)